

## **Protokoll for årsmøte i Mental Helse Fjord**

### **13. februar 2024 kl. 18:00 – 20:00**

### **på frivilligsentralen i Stordal**

#### **Sak 1: Opning av årsmøtet.**

Styreleiar Anna Margrethe Drægebø Moe ønskte velkommen og konstituerte møtet.

##### **1.1: Frammøtte medlemmer med gyldig medlemskap.**

16 medlemmer møtte.

##### **1.2: Innkalling og saksliste.**

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent. Dagsorden vart referert og samrøystes godkjent.

##### **1.3: Val av møteleiar og sekretær for årsmøtet.**

Ingrid Løset vart samrøystes vald til møteleiar og Anna Margrethe Drægebø Moe til sekretær. Møteleiar og sekretær tok sete.

##### **1.4: Val av protokollunderskrivarar.**

Bjørnar Midtbust og Kirsten Ludvigsen vart samrøystes valt.

##### **1.5: Val av teljekorps.**

Björg Hjelmseth, May Britt Stavseng og Randi Malm vart samrøystes valt.

#### **Sak 2: Årsmelding 2023 - 2024**

Styreleiaren las årsmeldinga, og det vart opna for spørsmål.

Innstilling frå styret: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga.

*Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.*

#### **Sak 3: Rekneskap 2023**

Styreleiar orienterte om rekneskapen, og det vart opna for spørsmål.

Innstilling frå styret: Årsmøtet godkjenner revidert rekneskap.

*Samrøystes vedtak i tråd med innstillinga.*

#### **Sak 4: Fastsettelse av honorar/godtgjersle for styret**

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek at det ikkje vert betalt honorar til styret.

*Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.*

#### **Sak 5: Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker.

#### **Sak 6: Handlingsplan 2024 - 2025**

Styreleiar orienterte, og det vart opna for debatt.

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek forslaget til handlingsplan.

*Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.*

#### **Sak 7: Budsjett 2024**

Styreleiar orienterte, og det vart opna for debatt.

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek forslaget til retningsgjevande budsjett.

*Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.*

**Sak 8: Val:**

Styreleiar refererte valkomiteen si innstilling.

**8.1: Val av styre:**

Valkomiteen si innstilling: Attval av kasserar Jorunn Vestre og styremedlem Marit Abelvik, og attval av Ingebjørg Vestre og Arna Øvrebust som varamedlemmer.

*Alle vart samrøystes valt.*

**Styret fekk slik samansetjing:**

Anna Margrethe Drægebø Moe – leiar

Jorunn Vestre – kasserar – valt for to år

Torill Sandvik – styremedlem

Marit Abelvik – styremedlem – valt for to år

1. Ingebjørg Vestre – varamedlem – valt for eitt år

2. Arna Øvrebust – varamedlem – valt for eitt år

**8.2: Val av seks delegatar med seks varamedlemmer i rekkefølge til fylkesårsmøtet:**

Møteleiar refererte følgjande forslag:

Jorunn Vestre, Marit Abelvik, Hege Støversten, Ingebjørg Vestre, Ingrid Løset og Arna Øvrebust.

Varamedlemmer:

1. Ada Kjersem 2. Bjørg Hjelmseth 3. Inger Dyb Søvik 4. Einar Søvik 5. Jorunn Langleite og

6. Astri Ytreeide

*Alle vart samrøystes valt.*

**8.3: Val av valkomité:**

Valkomiteen si innstilling: Brit Skjelten, Anne Jorunn Nilsen og Randi Vestre.

*Alle vart samrøystes valt for eitt år.*

**8.4: Val av revisorar:**


Valkomiteen si innstilling: Reidun Torpe Langhaug og Torbjørn Hove.

*Dei vart samrøystes valt for eitt år.*

Etter årsmøtet var heva, var det enkel servering, og etterpå la fylkesfadder Nils-Inge Holm fram fadderpresentasjonen.

Stordal, 14. februar 2024

  
Bjørnar Midtbust  
protokollunderskrivar

  
Kirsten Ludvigsen  
protokollunderskrivar

  
Anna Margrethe Drægebø Moe  
sekretær